

---

**969317575**

**ASGEIR NØTTVEIT**

**Mobilnummer**  
481 54 556

**E-postadresse**  
asgeir.n@online.no

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 06504

**Vedtaksdato**  
03.12.2021

**Vedtaket er gjort av**  
Alver kommune

**Søknadsdato**  
20.08.2021

**Vår referanse**  
2021/7279, Agros 161792

## **Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Gjerding**

---

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 7 200 kroner i tilskot til ASGEIR NØTTVEIT til Gjerding. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.11.2022.

---

Alver kommune viser til søknad av 20.08.2021.

### **Bakgrunn i saka**

ASGEIR NØTTVEIT søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 20.08.2021. Du søker om totalt 7 200 kroner i tilskot for tiltak perioden 21.08.2021-31.08.2022. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 14 400 kroner.

Det er søkt om tilskot til å setta opp 180 meter gjerde mot nabo på GBNR 448/2. Formålet er å bruka arealet som beite for sau samt å hindra attgroing og halda eit ope landskap. Tilskot til gjerde var tildelt tidlegare, men når gjerdet var ferdig blei tilskotet trekt attende med bakgrunn i prioriteringar i lokal SMIL-strategi.

### **Grunngjeving for vedtaket**

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskriftera som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Administrasjonen har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Søkjar fekk tildelt SMIL-midlar til inngjerding av innmarksbeite. Beite ligg som ein del av eit større samanhengande kulturlandskap på Manger, og ser ut til å vera fint stelt.

Tiltaket er i tråd med forskrift og rundskriv for SMIL-ordninga og målet om å halda gamal kulturmark i hevd. Tiltaket i tråd med Alver kommune sin SMIL-strategi.

Kommunen er samd med søker at når tilskotet er løyvd verkar det urimeleg og lite føreseieleg for søker å trekka tilbake pengane når gjerdet er kome opp. Kommunen har gjort ei ny vurdering av saka og meiner at den er innanfor det som er mogleg å støtta i SMIL-ordninga i Alver.

## Vedtak

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 7 200 til oppsetting av gjerde på GBNR 448/2.

Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	Kostnad
Gjerde 180 m * 80 kr / m	14 400
Tilskot (50% av kostnad)	7 200

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 7 200 kroner i tilskot.

## Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.11.2022. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slike løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Gjerde skal vera permanent med gjerdeton, toppstreng og bendsletråd.
- Området skal nyttast til beite i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekjkast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbrukslova.

## Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda rapporteringsskjema, timeliste, bilag på innkjøpt materiell og foto av utført tiltak.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden.

Deler av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjør framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 14 400 kroner. Utbetalte tilskot kan ikke overstige 50 % av godkjente kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lavere enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

## Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjøre kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

## Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalte tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

## Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikke gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

## Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge